

Lokale kulturminneplanar – delprosjekt universell utforming. Prosjekt K1 2013. Sluttrapport

Start- og sluttdato: 1 april 2013-31 desember 2013

Søkjar: Sogn og Fjordane fylkeskommune

1. Innleiing

Bakgrunn for prosjektet

I samband med Miljøverndepartementet si satsing «Kunnskapsløft i kulturminneforvaltninga» har Sogn og Fjordane fylkeskommune sett av midlar til eit 3 årig prosjekt for å stimulere kommunane i fylket til å lage lokale delplanar for kulturminne. Målet er at alle 26 kommunar innan juli 2015 har ferdigstilt/starta opp arbeidet med slik plan. Per i dag har alle kommunane gjeve tilbakemelding på at dei ynskjer å delta i satsinga, mange av desse har også kome konkret i gong med arbeidet.

Kulturminneforvaltninga er gjerne kjenneteikna ved at ho er fragmentert over ulike sektorar i kommunen: plan, kultur, skule og næring. Kommunane har ei veksande interesse for formidling og ser kulturminna som opplevingsressurs i næringsliv, skulevesen og i friluftsliv. I stadig større grad ser vi at kulturminne blir kopla til tema som folkehelse, friluftsliv og vektlegginga av lågterskla fysisk aktivitet. At kulturminna rører ved så mange interessefelt understrekar behovet for eit tverrsektoriell tilnærming i forvaltninga av kulturminne. Samstundes set det krav til samordning og tiltak som sikrar heilskapen. Ein overordna kulturminneplan er eit slikt tiltak.

Effekt mål

MG1. Sogn og Fjordane fylkeskommune

Prosjektet vil vere eit vesentleg bidrag til nasjonale målsettingar på universell utforming. Jamfør K1-tiltaket skal «universell utforming utvikles som en strategi i kommunal og regionale planlegging».

Vidare er det eit mål at 25% av alle kommunar skal vere aktivt med i K1-tiltaket. Deltaking frå Sogn og Fjordane sine 26 kommunar vil vere eit stort steg i slik retning.

MG 2. Kommunane i Sogn og Fjordane.

Kommunane er naturleg nok ei hovudmålgruppe i prosjektet «Lokale kulturminneplanar». Dei to viktigaste effektmåla for kommunane er:

- ♦ Universell utforming blir ein integrert kvalitet i både prosess og i ferdig produkt – den lokale kulturminneplanen. Kommunane som har ansvar for å implementere temaet på lokalt nivå, får kunnskap om universell utforming for å gjere kulturminne tilgjengeleg for alle, og uu kan ivaretaast heilt ut i yste ledd.
- ♦ Universell utforming vert betre forankra i Bark-programmet som er Riksantikvaren sitt bevaringsprogram for arkeologiske kulturminne som skal tilretteleggjast for formidling

MG 3. Overføringsverdi til andre fylkeskommunar

- ♦ Plan og bygningslova skisserer ein «minimumsprosess» i det lokale og regionale planarbeidet. I dette prosjektet nyttar vi arbeidsmetodar som i større grad sikrar lokal forankring av kulturminneplanarbeidet. Dette er metodar som også er relevante i anna planarbeid.
- ♦ I måten prosjektet er lagt opp på, oppnår vi fleire positive effektar utover at ein har fått gjort registreringar og utarbeidd plan. Prosessen gjev tilleggsgevinstar som engasjement, opplevingar, folkehelse og tilgjengelege.

MG 4. Involverte partar, lokalt og regionalt

Prosjektet satsar på brei involvering i arbeidet med kulturminneregistrering og kulturminneplanar, det vil seie at vi involverer fleire enn saksansvarleg i kommunane: Politikarar, næringsliv, skulevesen, institusjonar som arkiv og bibliotek, folkehelse, kulturorganisasjonar og andre frivillige

organisasjonar. Effekten av dette er at vi oppnår meir kompetanse, forståing, og motivasjon/positiv haldning for universell utforming som tema.

MG 5. Publikum

Prosjektet vil bidra til at fleire kulturminne blir tilgjengeleg for fleire/«alle».

Resultatmål: Utvikling og tilgjengeleggjering av verktøy og hjelpemiddel.

- ◆ Kulturminnesøk.no er Riksantikvaren sin database for kulturminne. Riksantikvaren vil i samråd med dette prosjektet syte for ei betre implementering av universell utforming som tema i denne databasen.
- ◆ Riksantikvaren sin rettleiar for kulturminneplan er under utarbeiding og skal ferdigstillast dette året. Etter avtale-, og i samråd med Riksantikvaren, vil dette prosjektet utarbeide eit forslag til korleis temaet universell utforming skal vektleggjast i denne rettleiaren.
- ◆ Prosessverktøy for kulturminnevern og universell utforming, utarbeidd av Trondheim kommune, m.fl, vil bli nytta og gjort tilgjengeleg for kommunar. Dette gjeld også andre kartleggingsverktøy og rettleiarar, til dømes frå Statens Vegvesen, Statens kartverk, Direktoratet for naturforvaltning etc.
- ◆ Kompetanseprogrammet for universell utforming vil bli nytta og gjort tilgjengeleg for kommunane.

Resultatmål: Kompetansebygging på forvaltning og utvikling av kulturminneressursar i eit uu-perspektiv.

- ◆ I kommuneadministrasjon og i regional forvaltning.
- ◆ På politisk nivå.
- ◆ I lokalsamfunnet.

Resultatmål: Forankring av uu-perspektivet i kulturminnevernet.

- ◆ Gjennom definerte prosessar i registrering- og planarbeidet.
- ◆ I kommuneadministrasjon og regional forvaltning.
- ◆ På politisk nivå (gjennom handsaming og vedtak).
- ◆ I lokalsamfunnet.

Resultatmål: Mobilisering og nettverksbygging.

Mobilisering og nettverksbygging på tvers av kommunane på fylkesnivå for å sikre lokal mobilisering av dei som ivaretek uu-perspektivet.

2. Oppnådde resultat

Følgjande tiltak har vore gjennomført, i tråd med søknad:

- ◆ Studietur til Venezia for fylkeskommune og kommunar, sjå rapport i vedlegg.
- ◆ Utvikling av lokalt døme på universell utforming av eit freda kulturminne.
- ◆ Utbetring av rettleiar for kommunedelplan for kulturminne.
- ◆ Tilgjengeleggjering av andre prosessverktøy på uu i presentasjonar og nettsider.
- ◆ Deltaking i nasjonale og regionale nettverk av aktørar som arbeider med uu.
- ◆ Rettleiing i uu mot kommunane som arbeider med kulturminneplan.
- ◆ Deltaking i arbeidet med sentrumsnære turveggar
- ◆ Uu som premiss i BARK-prosjekt

Resultat

Ved gjennomføring av prosjektet har vi klart å skape eit medvit om universell utforming hjå dei som har ansvar for å utarbeide lokale kulturminneplanar i fylket vårt. Det er både aksept og vilje for ha uu som ein integrert del av planane. Slik sett er vi i mål i høve til hovudmål for prosjektet om å

implementere universell utforming på eit strategisk nivå i planlegginga. Like viktig er det å leggje vekt på måten vi har gjort det på. Prosjektet har ført med seg ein svært viktig læringsprosess og eit langt større medvit rundt temaet. For regional og lokal kulturminneforvaltning er det eit før og etter prosjektet når det gjeld interessa for å arbeide med universell utforming og kulturminne. Det er ein klar suksessfaktor at prosjektet har handla om forankring av universell utforming som tema i planlegging framfor å utvikle konkrete dømer på universell utforming. Dette har skapt ein god debatt og refleksjon om universell utforming som verdigrunnlag og prinsipp i kulturminneforvaltninga, istadanfor ein debatt om tekniske løysingar. Det siste er viktig, men det første må komme først. Klarar vi å påverke ei haldningsendring i kulturminneforvaltninga frå ein situasjon der universell utforming blir oppfatta som eit pålegg utanfrå, til å få universell utforming forankra som eit verdigrunnlag og ein indre motivasjon i kulturminneforvaltninga? Ja, då har vi oppnådd mykje.

Andre suksessfaktorar i prosjektet

Studieturen var eit sentralt tiltak i prosjektet og tiltaket vekte stor positiv interesse Her har suksessfaktor vore det faglege innhaldet og samarbeidet med Oddbjørn Sørmoen. Val av reisemål med tilgang på eit viktig nettverk og fagmiljø var riktig. Ein klar suksessfaktor var også at så mange frå kommunane ville delta.

3. Gevinstrealisering

Nytteverdi

Vi meiner prosjektet har hatt stor nytteverdi i høve til effektmåla som er sette. I særleg grad gjeld dette Sogn og Fjordane fylkeskommune og kommunane i fylket som målgruppe. Vi trur også at det meste av det vi har gjennomført har overføringsverdi til andre fylkeskommunar. Dette gjeld både studietur og prosessen vi nyttar for å forankre uu i strategisk planlegging og tenkjemåte i kulturminneforvaltninga. Når det gjeld målgruppe 4 som er andre involverte partar lokalt og regionalt, utover saksansvarlege, er det vanskeleg å slå fast på noverande tidpunkt kor stor effekt prosjektet har. Prosjektet har uansett hatt ein stor opplysningsverdi, så vil arbeidet vidare med kulturminneplan vise i kor stor grad ein har klart å forankre temaet. Det same resonnementet vil også gjelde for publikum som målgruppe. Kulturminneplanane skal leggje til rettes for at fleire kulturminne blir tilgjengelege for alle, planane er enno ikkje ferdige, så det er tidleg å slå fast måloppnåinga. Viser elles til kva som er skrive under punktet oppnådde resultat

Læring/kompetansebygging

Tilsette i lokal og regional kulturminneforvaltning har hatt mest utbytte av kompetansebygginga i prosjektet. Frå å vere for dei fleste eit perifert tema, er universell utforming blitt eit sentralt tema for dei involverte. Erkjenninga av at universell utforming først og fremst er ein ressurs for kulturminne og ikkje berre eit utfordring, er kanskje det viktigaste som har kome ut av prosjektet Det har også vore viktig å erfare at det er mange måtar å tenkje uu/tilgjengelegheit på og at mykje går dersom ein søkjer kreative løysingar. «kan Venezia med sine bruer og barrierer, så kan vi»

Samfunnsøkonomisk nytte

Universell utforming handlar om at alle skal kunne delta i samfunnet på like premissar. Kulturminna byggjer identitet og er ein vesentleg del av vår oppleving av oss sjølve som kulturelt vesen. Å delta i samfunnet på like premissar handlar difor også om å kunne ta del i opplevinga av kulturminne på like premissar. Sjølv om universell utforming i ein startfase kan vere fordyrande så bidreg det til at flest mogleg kan oppsøkje kulturminna på eiga hand. Universell utforming kan også ha ein avbøtande effekt, ved at kulturminna i mindre grad vert utsett for slitasje. Dette har også ein kostnadssparande effekt

Overføringsverdi

I denne omgang vil vi først og fremst vektlegge overføringsverdien prosjektet har til andre fylkeskommunar og kommunar. Det er i gong ei nasjonal satsing på lokale kulturminneplanar gjennom Riksantikvaren sitt kunnskapsløft. Kommunar og fylkeskommunar over heile landet startar opp dette arbeidet og prosjektet vårt kan gjere det enklare for desse å ta opp temaet i sitt planarbeid

4. Organisering

Prosjekteigar: Kulturavdelinga, Sogn og Fjordane fylkeskommune

Prosjektleder: Gunhild Berge Stang

Samarbeidspartnarar: Plan- og samfunnsavdelinga, Sogn og Fjordane fylkeskommune, Riksantikvaren. FFO Sogn og Fjordane var også invitert inn, men vart forhindra frå deltaking på grunn av sjukdom

Styringsgruppe: Hovudutvalet for kultur

Referansepersonar: Heidi Karin Ekehaug/Emma Bjørnsen, Sogn og Fjordane fylkeskommune, kulturminneteamet, Sogn og Fjordane fylkeskommune og Linda Nilsen Ask, Rogaland fylkeskommune

5. Økonomi

2013	Kostnader	Arbeidskostnader	Totalt	Finansiering FK og andre	Finansiering MD
Tiltak verktøy	40 000	14 000	54 000	27 000	27 000
Tiltak kompetansebygging (seminar, studietur, møter)	340 000	266 000	606 000	416 000	190 000
Forankring		7 000	7000		7 000
Mobilisering/nettverk	5 000	14 000	19 000	17 000	2 000
Planlegging/søknadskrivning		49 000	49 000	25 000	24 000
Sum	385 000	350 000	735 000	485 000	250 000

6. Prosess

Det var gjort aktiv bruk av verktøy/hjelpemiddel for å handtere uu-dimensjonen. Dette gjeld spesielt i innpela som vart laga til Riksantikvaren sin rettleiar for utarbeiding av kommunal delplan for kulturminne, men også i utarbeiding av lokal skisse til universell utforming av eit freda kulturminne. Arbeidet vart sett i gong då det var avklara at prosjektet fekk tilsagn. Det hadde vore ein fordel om prosjektet hadde hatt ein lengre prosjektperiode, særleg gjeld det tiltak som er like avhengig av modning og prosess over tid, som av talet timar som vert sett av til arbeidet. Dvs. tiltak som forankring, mobilisering og nettverksbygging.

7. Endringar

Tilskotet var 50 000 lågare enn budsjettert i prosjektplanen. Gjennomføringa er difor tilpassa dette. Alle tiltaka er gjennomført, men nokre i mindre skala enn skissert i prosjektplanen, dette gjeld spesielt tiltaket med utvikling av eksempelsamling. Prosjektet har også samarbeidd med prosjektet sentrumsnære turvegar, dette var ikkje eit planlagt tiltak i prosjektplanen, mendet har vore veldig nyttig å kople saman turvegprosjektet og kulturminneforvaltning.

Vedlegg:

Vedlegg 1: nøkkelord

Vedlegg 2: Rapport frå studietur

Vedlegg 3: Skisse til universell utforming av freda kulturminne – Grotle gamle kyrkjegard

Planprosesser		
	Planstrategi	<input checked="" type="checkbox"/>
	Kommuneplanlegging	<input checked="" type="checkbox"/>
	Samfunnsdelen	<input checked="" type="checkbox"/>
	Arealdelen	<input checked="" type="checkbox"/>
	Reguleringsplan	<input checked="" type="checkbox"/>
Transportsystemet		
	Kollektivtransport	<input type="checkbox"/>
	Knutepunkt	<input type="checkbox"/>
	Holdeplasser	<input type="checkbox"/>
	Gang-/sykkelveger	<input type="checkbox"/>
	Transportmidler	<input type="checkbox"/>
	Billettssystemer	<input type="checkbox"/>
	Ferge - buss	<input type="checkbox"/>
Friluftsområder		
	Badeplass	<input type="checkbox"/>
	Brygge	<input type="checkbox"/>
	Fiskeplass	<input type="checkbox"/>
	Rasteplass	<input type="checkbox"/>
	Turstier/turveger	<input checked="" type="checkbox"/>
	Adkomst	<input checked="" type="checkbox"/>
	Informasjon	<input checked="" type="checkbox"/>
	Naturverdier	<input checked="" type="checkbox"/>
	Naturhensyn	<input checked="" type="checkbox"/>
Kulturminner		
	Kulturminneverdier	<input checked="" type="checkbox"/>
	Kulturminnehensyn	<input checked="" type="checkbox"/>
	Formidling	<input checked="" type="checkbox"/>
	Informasjon	<input checked="" type="checkbox"/>
	Adkomst	<input checked="" type="checkbox"/>
Publikumsbygg		
	Byggesak	<input type="checkbox"/>
	Nybygg	<input checked="" type="checkbox"/>
	Rehabilitering/opprusting	<input checked="" type="checkbox"/>
	Boliger	<input type="checkbox"/>
	Skolebygg	<input type="checkbox"/>
	Kirkebygg	<input type="checkbox"/>
	Barnehage	<input type="checkbox"/>
	Service-bygg	<input type="checkbox"/>
Uteområder		
	Park	<input checked="" type="checkbox"/>
	Lekeplass	<input type="checkbox"/>
	Torg	<input checked="" type="checkbox"/>
	Gågate	<input checked="" type="checkbox"/>
Eiendomsforvaltning		
	Opprusting	<input checked="" type="checkbox"/>
	Drift	<input type="checkbox"/>
	Vedlikehold	<input type="checkbox"/>
IKT		

	IKT-standard	<input type="checkbox"/>
	IKT-verktøy	<input type="checkbox"/>
	Formidling til målgruppene	<input checked="" type="checkbox"/>
Innkjøp		
	Innkjøpsrutiner	<input type="checkbox"/>
	Innkjøpssamarbeid	<input type="checkbox"/>
Sektorovergrepene		
	Folkehelse	<input type="checkbox"/>
	Sentrumsutvikling	<input type="checkbox"/>
	Reiseliv	<input type="checkbox"/>
Arbeidsmetoder		
Forankring		
	Politisk forankring	<input checked="" type="checkbox"/>
	Administrativ forankring	<input checked="" type="checkbox"/>
	Planforankring	<input checked="" type="checkbox"/>
	Økonomiplan/budsjett	<input type="checkbox"/>
Kompetansebygging		
	Informasjon	<input checked="" type="checkbox"/>
	Veiledning	<input checked="" type="checkbox"/>
	Kurs	<input checked="" type="checkbox"/>
Kartlegging		
	Verktøy	<input checked="" type="checkbox"/>
Medvirkning		
	Av råd, brukerorg., frivillige org.	<input checked="" type="checkbox"/>
Samarbeid internt og eksternt		
	Tverretatlig	<input checked="" type="checkbox"/>
	Regionale og statlige myndigheter/faginstanser	<input type="checkbox"/>
	Næringslivet	<input type="checkbox"/>
Organisering		
	Prosjektorganisering	<input type="checkbox"/>
	Linjeorganisering	<input type="checkbox"/>
	Kommunikasjon	<input type="checkbox"/>
Evaluering/læring		
	Tilsyn/kontroll	<input type="checkbox"/>
	Tilbakemelding fra målgruppene	<input checked="" type="checkbox"/>
	Erfaringer og læring i organisasjonen	<input checked="" type="checkbox"/>
Roller		
Samfunnsutvikling		
	Universell utforming	<input checked="" type="checkbox"/>
	Næringsutvikling	<input type="checkbox"/>
	Boligutvikling	<input type="checkbox"/>
	Nærmiljø	<input type="checkbox"/>
	Lokalsamfunnsutvikling	<input checked="" type="checkbox"/>
	Inkludering	<input checked="" type="checkbox"/>
	Trygghet	<input type="checkbox"/>
	Service	<input type="checkbox"/>
Myndighetsutøvelse		
	Lovverk	<input type="checkbox"/>
	Tilskudd	<input type="checkbox"/>

